



Cold Chase spelar på gospelkonserten i Uskedal kyrkje på fredag.

Uskedal sokneråd og Hobbyklubben inviterer til gospelkveld i Uskedal kyrkje fredag. Kulturskulebandet Cold Case vert med. Hobbyklubben med konfirmantane vil syna kva dei har lært i prosjekt med å kopla opp anlegg og styra lyden. Aleksandra Sanden og Lina Håland vert også med.

Soknerådet har ved fleire høve hatt salmekvelder for å øva inn nye salmar og bli kjend med den nye salmeboka. På fredag har ein funne fram nokre gospelsongar som alle skal få prøva seg på. Eva Megyesi vil leia oss i songen.

Nattlafeen frå Husnes vil koma til Uskedalen denne kvelden. Jan Ove Fagerheim organiserer skyss og tek mot påmelding. Matsservering med hotdog og brus høyrer med. Vert det for lite mat, er det godt at SPAR butikken ligg like ved kyrkja.

Soknerådet legg opp til ein inkluderande kveld for alle, i alle aldrar.

Tekst: Svanhill Haugland/Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland

Nett: Kristian Bringedal